# VENNER 6. TRINN

<table>
<tr><th>SKJERMEN VISER:</th><th>I TIMEN:</th></tr>
<tr><td>
</td><td>Introduser temaet og start med å sjå [Venner på skolen - YouTube]</td></tr>
<tr><td></td><td>• Kvifor er det så viktig å ha gode venner?</td></tr>
<tr><td></td><td>• I filmen seier dei at mange kan oppleve at vennskap kan kjennes som eit spel der nokon er verdt meir enn andre. Er vi ein god venn for oss sjølv og andre når vi rangerer vennar etter ulik verdi?</td></tr>
<tr><td></td><td>• Når vi opplever vonde ting er det mange som kritiserer seg sjølv og legg skulda på seg sjølv i staden for å gi trøyst og forståing til seg sjølv. Kva kan det føre til?</td></tr>
<tr><td colspan="2">Leik Kva ville du helst? (ligg i litt anna versjon i Trygg-timen også)<br>Lærar les opp to ulike hypotetiske alternativ som elevane skal velgje mellom og peikar til ulike sider av rommet/ulike hjørne for kvart alternativ. Elevane skal gå til det alternativet dei helst ville valt. Når dei har kome til sitt alternativ snakkar dei med dei som valte det same og kjem fram til gode grunnar til for valet sitt. Etterpå kan gruppene få argumentere for sitt val.<br>Eksempel på ting dei kan velje mellom – «Ville du helst…»:<br>• Vore ein fisk eller ein fugl?<br>• Vore ein superhelt eller deg sjølv?<br>• Viss du var lei deg, ville du helst vore aleine på rommet ditt eller i lag med venner/familie?<br>• Viss vennen din var lei seg ville du satt deg ned og snakka/lytta eller prøvd å få hen med på ein gøy aktivitet?<br>Husk at det ikkje er rette/gale svar på desse, berre ulike preferansar.</td></tr>
<tr><td>
</td><td>Sjå [Building Empathy for Kids - YouTube]</td></tr>
<tr><td>
</td><td>Etter filmen kan de jobbe med empati ved å velje ei av desse oppgåvene:<br>• Lage eit rollespel om venner som er saman og ein får det vanskeleg. Dei andre vennane viser empati og prøver å hjelpe.<br>• Teikne ein teikneserie der nokon har det vondt og blir møtt med empati.<br>• Skrive ei historie om der nokon får det vondt saman med venner, men vennane viser empati og derfor går det bra.<br>• Lage ein empatiplakat med trinna frå filmen som dei pyntar med teikningar.<br>• Lage ein norsk versjon av rappen i filmen.</td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
|  | Sjå [Julian - Who I Am (Music Video) - YouTube]() og snakk med elevane om det som skjedde i filmen. Få fram at dei valte å hjelpe han sjølv om han ikkje var ærleg med dei. |
|  | • Skriv ut oppgåva i vedlegget og del arka i to. Kvar elev får eit A5-ark å fylle ut.<br>• Gå igjennom oppgåva og hjelp kvarandre gjerne litt i starten med å finne eksempel på kva dei kan skrive.<br>• La kvar elev fylle ut sjølv. Sei at arka skal samlast inn, så dei skal IKKJE skrive namn på.<br>• Samle inn arka, bland dei godt, og les opp nokre eksempel. Eventuelt skriv gode forslag på ei tavle. Snakk saman, og lag eventuelt eit samleprodukt som elevane kan hente tips frå i kvardagen. |
|  | Sjå [UNICEF - Klasse 6B, Selvbildet - YouTube]() og snakk med elevane:<br>• Blei de imponert av Pål? Hadde de turt å gjere det same?<br>• Kva er vanleg å sei til seg sjølv/tenke om seg sjølv når andre har sagt dumme ting til oss?<br>• Kva trur de Oscar tenker om seg sjølv? Er han ein god venn for seg sjølv når han er slem mot Pål? |
| Sjå [When Things Go Wrong (Do This) - YouTube]() | |
|  | • Er det gode råd dei gir i filmen?<br>• Er dei lette å følgje? |
| | Treng de litt frosketid i løpet av økta passar denne godt for vennskap: [Pust med en venn - YouTube]() |
|  | Å vere ein god venn for meg sjølv<br><br>Vi er ofte betre på å vere gode mot andre enn å vere gode for oss sjølve. Difor kan dette vere lurt å trene på. |
| Syng gjerne saman med denne :<br>[Kindness by The Juicebox Jukebox - Be Kind Kids Song Childrens Music New World Kindness Day 2021 - YouTube]() | |
| Denne opnar for å kunne snakke om etiske dilemma, korleis stole på eigne val og stå i mot gruppepress - for å vere ein god venn for seg sjølv og andre: [Going For Gold (Music Video) - YouTube]() | |
| Bruk gjerne leikar frå dette leikeheftet: [io.kommune.no/tjenester/skole-og-utdanning/robuste-barn/lekehefte/]() | |